



## Den kulturelle spaserstokken

### Om søkjar

#### Søkjar

**Namn på kommune** Meland  
**Org.nummer** 951549770

#### Adresse

Havnevegen 41  
5918 Frekhaug

#### Kontaktperson

**Namn** Nina Randal  
**Telefon** 56171066  
**E-post** nina.randal@meland.kommune.no

#### Nettside

<http://www.meland.kommune.no/>

### Om tiltaka

#### Samarbeidande kommunar

I fjor begynte vi å samarbeide med Lindås kommune om program. Det er praktisk fordi det er korte avstandar mellom institusjonane og kommunesentra.

#### Tal på program / tiltak

5

#### Samla tal på arrangement

15

#### Type arena



Sjukeheimen på Frekhaug, Eldresenteret på Frekhaug, Ungdomslaget Framsteg (som har omsorgsboligar som næraste nabo).

## Organisering av arbeidet

Frivilligsentralen ved kulturavdelinga koordinerer arbeidet med Spaserstokken saman med ei arbeidsgruppe med representantar frå Eldrerådet og helselaget i Meland.

## Innhald i tiltaka

### Sjanger og form

<b>Sjanger</b>	Litteratur Scenekunst Film Musikk Museum
<b>Form</b>	konsert-framsyning

### Tittel

<b>Saksnummer</b>	2016/6750
<b>Tittel på tiltak(a)</b>	Den kulturelle spaserstokken i Meland

### Hovudmålgruppe

Eldre i institusjon og i omsorgsboligar. Eldre som bur heime men er på dagsenter kvardagar.

### Skildring av program 1

Bart Clavier: "Vår beste dag - musikalske møter med mening". Fire musikere som presenterer ein konsert der fokuset er å aktivt stimulere til dialog og deltakelse. Dei tilpassar repertoaret til målgruppa slik at dei kan delta i musiseringen. Repertoaret spenner frå revyviser, salmer, dansbare sangar etc.

Denne konserten vil vi ha på Eldresenteret for bebuarar på sjukeheimen og for dei som er på dagsenteret. Konserten vil også bli vist på Rossland i UI Framsteg sine lokaler for bebuarar i omsorgsboligar og andre eldre i bygda.

### Skildring av program 2

"På Magdas kjøkken" med ZikkZakk Teater & Kulturverksted. Denne kabareten har som mål å skape gjenkjenning og gode opplevsar. Dette gjer dei gjennom lukt, sang, dans, gjeremål og gjenstander. Etter framsyninga er det prat og mimring.



Framsyninga vil vi vise på Eldresenteret for bebuarar på Lerken (dementavd.) sjukeheimen og Dagsenteret og på UL Framsteg på Rosslund for bebuarar i omsorgsbuligar og andre.

### Skildring av program 3

Film:

Filmframsyningar av lokale filmskaparar som Øyvind Sandberg er populært. Vi vil fortsette med dette og også vise andre typar film som dokumentarar og drama. Filmframsyninga har vi på sjukeheimen og på UI Framsteg. Besøkstenesta i Meland er ein god samarbeidspartnar når vi viser film. Dei lagar til i lokalet med stolar, kino snop og drikke. Dei er også rundt på institusjonen og hentar folk på romma og hjelper dei til film lokalet. På Rosslund er det ei gruppe med pensjonistar som arrangerar filmframsyninga. Tilsaman 8 filmframsyningar på sjukeheimen på Frekhaug, Eldresenteret og i UI Framsteg sine lokaler på Rosslund. Sjå vedlegg for heile programmet som også inneheld museumsbesøk og foredrag.

### Vidareutvikling av ordninga

I fjor starta vi opp eit samarbeid med UL Framsteg. Der har dei vaksenkafe ein gong i månaden som ein gjeng pensjonistar er ansvarleg for. Vi vil utvikle dette samarbeidet vidare. I samband med vaksen kafeen har vi DKS program eit par gonger i året. Då blir bebuarane i omsorgsbuligar invitert. Vi ønskjer å vidareføre dette samarbeidet fordi det har blitt svært godt motteke og at vi då når eldre i nordre del av kommunen.

Vi samarbeider tett med frivillige som besøkstenesta, ungdomslag og helselag. Dette gjer at vi når fleire, og at rammene rundt arrangementa blir gode. Målet vårt er å nå flest mogleg i målgruppa med tilboda våre.

## Budsjett

### Søknadssum til Hordaland fylkeskommune

NOK 50 000

#### Utgifter

<u>Utgift</u>	<u>Beløp</u>
Bart Clavier	12 000
ZikkZakk Teater & Kulturverksted	12 000
Film - betaling for å vise filmar i grupper	12 000
Foredrag/litteratur/sakprosa	5 000



Museumsbesøk trikotasjemuseum	2 000
Reise og transportutgifter deltakarar på arrangement	4 000
Reise og transportutgifter kunstnarar	4 000
Tono	1 000
Andre arrangementkostnader	6 000

---

<b>Totale utgifter</b>	<b>58 000</b>
------------------------	---------------

---

### Inntekter

<b>Inntekt</b>	<b>Beløp</b>
Billettinntekter / eigenandel	1 000
Hordaland fylkeskommune - DKS midlar	50 000
Trivselskomiteen	3 000
Helselaget	4 000

---

<b>Totale inntekter</b>	<b>58 000</b>
-------------------------	---------------

---

### Eigenfinansiering

20000

### Kommentarar til budsjett

Kommunen si eigenfinansiering: Dagleg leiar ved Frivilligsentralen er ansvarleg for søknad om DKS midlar, planlegging av program og gjennomføring. Det er vanskeleg å estimere akkurat timeantal. Totalt går det med minst 2 veker eller 75 timar i løpet av eit år.